



HORDALAND

i nær fortid



Det Norske Samlaget



Ein annan utveg til å skaffa seg eit yrke, både for kvinner og menn, var å byrja i fabrikkarbeid, slik som på hermetikkfabrikken som JØRGEN THUNOLD, Kvinnherad, fortel om.

Hermetikkfabrikken hadde vore ei fast inntektskjelde i lange tider. Fabrikken gav arbeid til mange, og ikkje minst var det bruk for kvinner til å leggja brisling i øskjer, men mange born frå 14–15-årsalderen fekk òg arbeid her. Deira arbeid var å trø brisling på teinar som så vart sette i rammer før dei vart borne til røykjarane. Til dette var det nytta eit trøapparat. Vi sette silda på hovudet i 12–14 høvande hol. Så vart teinen trødd gjennom hovudet på silda og sett i ramma. I ramma gjekk det ca. 24 slike teinar. Dette var akkordarbeid. Betalinga veksla noko, men etter det eg no hugsar, kunne det vera om lag 20 øre ramma, og det kunne gjeva gode skillingar for den unge guten og jenta og for foreldra deira.



Arbeidsstokken ved Bjellands hermetikkfabrikk i Fusa kring 1930. Foto: Strandvik biletsamling.

Fabrikken var elles noko som svært mykje i bygda krinsa om. Frå mange heimar var det kvinner og menn og større born som hadde arbeidet sitt her. Når fabrikkfløyta lydte over grenda om morgonen, til middag og når arbeidet var slutt for dagen, var det ein måte å dela dagen inn på som vart ei rettesnor for heile bygda. Dei som ikkje var vaksne nok til sjølve å gå på fabrikk, hadde som oppgåve å gå med middagsmat til far og mor og større sysken. Sjølv sagt hadde fabrikk mykje å seia for familieøkonomien. Det var ikkje minst dette som førte til at mange huslydar hadde ein relativt romsleg økonomi i tider då fabrikk gjekk for fullt. Men det merkast sterkt når fabrikk stod eller når sesongane vart stutte.